

NASJONALT SERVICEMILJØ FOR MEDISINSKE KVALITETSREGISTRE

Årgang 16, nummer 1
Mars 2021

HELSE • • • VEST



PÅSKEBREV FRÅ REGIONALT FAGSENTER FOR MEDISINSKE REGISTER



I dette nummeret:

- Ny og meir brukarvenleg nettside for Nasjonalt Servicemiljø
- Digitalt seminar om brukarmedverknad
- Statusrapport for dei medisinske kvalitetsregistra for 2020
- Kurs i analyse av registerdata i forskning
- Utlysing av regionale stimuleringsmidlar

Kontakt Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre

E-post:
kvalitetsregistre@helse-vest.no
Heimeside



Ny og meir brukarvenleg nettside for Nasjonalt Servicemiljø

Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre har lansert nye nettsider der målet har vore å gjere innhaldet meir brukarvenleg. Alle dei regionale servicemiljøa; inklusiv Nasjonalt servicemiljø region vest/Fagsenter for medisinske kvalitetsre-

gister, Helse Vest, har bidrege i arbeidet. Resultata frå kvalitetsregistra er ei unik kjelde til kvalitetsforbetringsarbeid i klinikken. For å gjere det enkelt er relevante resultat frå registra samla på ein stad.




Foto: Skjermdump (www.kvalitetsregistre.no)

Sjå. Forsida | Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre

Digitalt seminar om brukarmedverknad

I regi av Nasjonalt servicemiljø vart det 22.mars arrangert eit webseminar der målgruppa var brukarrepresentantar i dei 51 nasjonale medisinske registra sine fagråd.

Det var fleire interessante og nyttige innlegg. Blant anna snakka Ann Britt Sandvin Olsson, stipendiat ved Nasjonal kompetanseteneste for læring og meistring innan helse, om «Betyding av brukarmedverknad i utvikling av helsetenester». Ho fokuserte på kva forskning seier om brukarmedverknad på tenestenivå og kva kriterier som vert framheva for å få til godt samarbeid mellom fagpersonar og brukarrepresentantar når tenester skal utviklast.

Her er det mogleg å lese meir om prosjektet til Olsson: <https://mestring.no/forskning/forskningsprosjekter/phd-prosjekt-samarbeid-om-a-fremme-helse/>

Det vil kome ei nettsak om seminaret med presentasjonane og videoopptak etter påskeferien her: <https://www.kvalitetsregistre.no/>



Foto: Colourbox



Statusrapport for dei medisinske kvalitetsregistra for 2020

Ny statusrapport for nasjonale medisinske kvalitetsregister er no publisert på nasjonalt servicemiljø sine nettsider.

I dei medisinske kvalitetsregistra vert det kvar dag lagt ned ein betydeleg innsats blant anna i arbeid med å auke registra sin datakvalitet

og styrke arbeidet med klinisk kvalitetsforbetring i sjukehusa. Kunnskap frå kvalitetsregistra skal bidra til betre kvalitet og pasientsikkerheit. Auka bruk av resultat frå helseregistra er ein viktig del av den helsepolitiske satsinga for å styrke kvaliteten i helsetenesta.

I årets statusrapport kan du

blant anna lese om Pandemi-registeret som vart oppretta i rekordfart då koronasmitten begynte å bre om seg i Noreg, om korleis reservasjonsrett er tatt i bruk i løpet av året som gikk - etter at den nye forskrifta for medisinske kvalitetsregistre opna for det - og om nasjonalt servicemiljø si nye interaktive nettside som

viser fram resultat på sjukehusnivå på tvers av registre, noko som gir ei samla framstilling av kvalitet for styringsformål.

[Her finn du statusrapporten for 2020](#)

Utlysing av regionale stimuleringsmidlar

Fagsenter for medisinske kvalitetsregister i Helse Vest har lyst ut stimuleringsmidlar på vegne av Helse Vest.

Eit grunnleggjande mål med eit kvalitetsregister er å forbetre kvaliteten på pasientbehandlinga og med dei utlyste stimuleringsmidlar er det satt to spesifikke ynskjemål:

- stimulere til at kliniske fagmiljø nyttar data frå lokale, regionale eller nasjonale kvalitetsregister i forbetring av helsetenesta

- stimulere til etablering av lokale eller regionale medisinske kvalitetsregister

Kliniske fagmiljø/avdelingar og/eller lokale/regionale kvalitetsregister forankra i Helse Vest kan søkje.

Tildelingssum er avgrensa til 150 000 NOK og søknadsfristen er **15.april**.

Sjå utlysing her:

<https://helse-vest.no/helsefagleg/kvalitet/no-kan-du-sokje-om-midlar-til-a-auke-kvaliteten-pa-pasientbehandlinga>

Kurs i analyse av registerdata i forskning

Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregister tilbyr denne våren kurs i analyse av registerdata i forskning. Kurset gir dømer på bruk av registerdata i forskning i sentrale helseregister og kvalitetsregister; styrker og svakheiter, koplingsmoglegheiter samt juridisk regulering av helseregister. Kurset er nettbasert og vert halde 20. - 22. april 2021.

For meir informasjon, sjå her: <https://www.kvalitetsregistre.no/artikkel/kurs-analyse-av-registerdata-i-forskning-2021>



**Vi på Fagsenteret ynskjer alle våre lesarar
ei riktig god påske!**

